

Gjenvalg av styret, men ny leiar.

17.02.2020



Kristian O. Bringedal skal leia Friluftslaget saman med denne gjengen det kommande året. Vidare f.v: Trond Johannes Myklebust, Tormod Myklebust, Einar Gjertsen, Ove Myhre, Jofrid Eik og Audun Eik.

Heile styret med varafolk vart attvalde, men det vart leiarskifte då Uskedal friluftslag hadde årsmøte i møtelokala på Stemnepllassen mandag kveld. Ove Magne Myhre som har vore leiar i ei årrekke takka for seg, og vart avløyst av ein annan friluftslagsveteran, Kristian Bringedal, i leiarvervet. Myhre held fram som styremedlem.

Frammøtet var betre enn på fleire år, og 7 av dei 10 medlemslaget stilte med utsendingar til årsmøtet. Ove Magne Myhre var ordstyrar, og skrivars Kristian Bringedal la fram årsmeldinga som mellom anna fortalte at det hadde vore utført utsiktsrydding og vegetasjonspleie ved hjelp av midlar til utsiktsrydding løyvt gjennom landbrukskontoret. Uskedal elveeigarlag og Uskedal utvikling stod bak søknaden om desse midlane saman med Friluftslaget. Arbeidet vart utført med arbeidskraft gjennom Kvinnherad avløysarlag medan risdungen vart køyrt vekk på dugnad av Uskedal bondelag. Styret og medlemmer i Dugnadsgruppa deltok i dette arbeidet.

Den årvisse forsommarkonserten vart utsett til august, og på grunn av veret måtte den flyttast til båtlagsstova i båthamna. Der opptrødde Mari Bjelland og Rustne Menn i tillegg til musikklaget. Det vart svært vellukka.

Det var vanleg vårdugnad før 17.mai, og elles har styret sytt for plenslåing og nødvendig vedlikehald. Det vart søkt Sparebank1 stiftinga om tilskot til turvegar opp til Skårhaug, men laget fekk dessverre avslag.

Rekneskapet fortel at laget treng alle inntekter det kan få. I tillegg til tidlegare nemnde tilskot(17.660,36) er gåver/støttemedlemskap(7.600,-) og inntektene frå konserten i båthamna(8.160,-) beste inntektskjeldene. Årsmøtet var samde om at det måtte sendast ut oppfordring til bygdefolket om å bidra med støttemedlemskap, og senda ut påminning til medlemslaget om å betala medlemskontingensten.

Lokala er ypperleg eigna til møte, og dei vert i tillegg leigd ut til bursdagar og andre selskap og slutta lag. Det er også nystemt piano i lokalet. Leiga er svært rimeleg, 300 kr pr. gong eller 1200 kr for eit år. I tillegg er det utelege av bord, stolar og høgtalaranlegg.

Lokala treng heilt nødvendig opprustning på grunn av fukt. Det er henta inn kostnadsoverslag, og styret skal søkja tilskot/gåve for å få gjennomført dette.

Den årvisse sommarkonserten er i år sett til torsdag 11.juni. Det vert duggnad før 17.mai. Dato for denne og andre tiltak vert sett på det første styremøtet i midten av mars.

Valget for 2020 gav dette utfallet:

Kristian O. Bringedal (leiar)

Jofrid Eik, Ove Myhre, Audun Eik og Einar Gjertsen (styremedlemmer)

Trond Johannes Myklebust og Tormod Myklebust (varafolk)

Ståle Eik og Hans Reidar Kjærland (revisorar)

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.